

Saksnr: 2019/82-11
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		29.11.2019

Møtedato for Vestland ungdomsutval 2020**Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval vedtek slik møtedato for 2020:

Samandrag

Det er ikkje enda fastsett ein møteplan for 2020 for Vestland ungdomsutval. Dette er noko ein vanlegvis gjer på det første konstituerande møte i utvalet. På bakgrunn av at administrasjon gjer utskiftingar i utvalet sin rådgjevarfunksjon vil det ikkje vere hensiktsmessig å legge ein heil årsplan fordi det vil avhenge av samarbeid og tilpassingar saman med den nye rådgjevaren. I dette møtet vil ein difor saman med VU finne ein møtedato som passer til første møte i 2020.

Bertil Søfteland
leiar Politisk sekretariat

Silje Lyngstad
rådgjevar
Politisk sekretariat

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Både ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har hatt kvar sin rådgjevar som følgjar ungdomsutvalet i arbeidet. No når ein går over i Vestland vert det ein ny rådgjevar for Vestland ungdomsutval. Det vil no vere slik at det er ein rådgjevar som har både Vestland ungdomsutval, fylkeseldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsvane. I tillegg vil det være ein viktig føresetnad å vite kva VU meiner er gode datoar for at det skal vere ei god framdrift som og sikrar reell medverknad.

Administrasjonen vil i dette møte difor ikkje fastsette dator for første møte i 2010 eller vidare møtedatoar, men ønskjer å gjere dette i samråd med VU i møte. I dette møte vil ein fokusere på finne ein møtedato for første møte i 2020.

Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Administrasjon og VU finn møtedato for 2020 saman i møte 29.11.